



JÆRMUSEET



## Innhold:

Årsmelding frå styret [side 3-4] Økonomi [side 5]  
Fordeling av inntekter og årsverk [side 6] Nye hovudsamarbeidspartar [side 7]  
Formidling [side 8-9] Aktivitetar og arrangement [side 10]  
Formidling til barn og unge [side 11-13] Forvaltning av samlingane [side 14-15]  
Forsking og kunnskapsutvikling [side 16-17]  
Resultatrekneskap [side 18] Balanse [side 19-20] Kontantstraumanalyse [side 21]  
Notar [side 22-27] Revisjonsberetning [side 28-29]

# Årsmelding frå styret

## OMTALE AV VERKSEMDA

Stiftinga Jærmuseet er regionmuseum for kommunane Randaberg, Sola, Sandnes, Gjesdal, Klepp, Time og Hå, samt regionalt vitensenter for Rogaland og Agderfylka. Det er eit konsolidert museum med hovudkontor på Vitengarden, Nærbø i Hå kommune.

Jærmuseet hadde ved utgangen av 2011 driftsansvaret for 59 bygningar (kulturhistoriske og andre), 34.125 gjenstandar og 136.629 foto.

Stiftinga Jærmuseet eig anlegget Vitengarden med Kviagarden og Audamotland, og hadde pr. 31.12. 2011 driftsansvaret for desse avdelingane og anlegga:

### Avdelingar og anlegg

- Vitengarden, Nærbø, med museumsgarden Kvia 4-H gard og den historiske garden Audamotland.
- Vitenfabrikken, Sandnes, med Krossens havremølle, det historiske tunet Austrått, snekkerverkstaden på Vagle og fleire kvernhus og andre antikvariske bygningar i Sandnes kommune.
  - Hå bygdemuseum med gjenstandssamling, Varden Sjøredningsmuseum, gardsanlegget Grødaland og andre antikvariske bygningar i Hå kommune
  - Gjesdal bygdemuseum med samlingar, Limagarden bygdetun, Gjesdal Ljåfabrikk og andre antikvariske bygningar i Gjesdal kommune
  - Klepp bygdemuseum med samlingar og to antikvariske bygningar på Haugabakka i Klepp kommune
  - Randaberg bygdemuseum sine foto- og gjenstandssamlingar og Vistnestunet.
  - Tungenes fyr, inkludert Sjøbruksmuseet i Tungevågen, som er ein del av etatsmuseet for Kystverket, Kystverkmusea, saman med Lindesnes fyrmuseum, Sunnmøre museum/Dalsfjord fyrmuseum og Museum Nord/Lofotmuseet.
  - Nasjonalt Garborgsenter, Time, opnar i 2012 og er samlokalisert med nytt folkebibliotek.

- Science Circus er Jærmuseet sitt ambulerande vitensenter og oppsøker skular i Rogaland og Agderfylka.
- Vitengarden, Vitenfabrikken og Science Circus utgjør til saman det regionale vitensenteret for Sørvestlandet ("sørvestnorsk vitensenter").
- Jærmuseet har elles rapporteringsansvar for Hå gamle prestegard til museumsstatistikken, og HGP mottar årleg 1 mill. kroner frå staten gjennom Jærmuseet.

Museet legg vekt på å ha ei aktiv forvaltning av bygningar og anlegg i alle stiftarkommune, og vil styrka den lokale forankringa gjennom aktiv nettverksbygging til lokalt og regionalt næringsliv, organisasjonar, skular og lokalbefolkninga.

Museet skal driva aktiv formidling ut frå det enkelte anlegg sine føresetnader og særlege profil, og arbeida for å utvikla det enkelte anlegg sin særlege og unike karakter, samtidig som ein legg vekt på å synleggjera dei overordna regionale og kulturhistoriske samanhengane anlegga inngår i.

## OVERORDNA MÅL – MØTESTAD MELLOM NATUR, KULTUR OG TEKNOLOGI

Jærmuseet er ein vitskapleg institusjon som skal dokumentera regionen si historie gjennom innsamling, bevaring, forskning og formidling. Museet skal invitera publikum til opplevingar, deltaking, utforskning, diskusjon og kritisk refleksjon, og særleg stimulera barn og unge si nysgjerrigheit, utforskartrøng og samfunnengasjement og interesse for teknologi og naturvitskap.

Museet skal bidra til å fremja lokal identitet og forankring, og samtidig oppmoda til "vidsyn og tvisyn", til interkulturell dialog og internasjonal orientering.

Jærmuseet sitt motto er "Opplev • Delta • Utforsk".



Vitenfabrikken i Sandnes er vårt største anlegg målt i besøk. Då er det godt at me har denne gjengen med flinke og entusiastiske vertar.

Foto: Jærmuseet.

## STYRET

Arne Norheim, styreleiar	oppnemnd på fritt grunnlag
Tom Tvedt, nestleiar	Rogaland fylkeskommune
Inglen Haugland	oppnemnd på fritt grunnlag
Olaug V. Bollestad	Gjesdal kommune
Magnar Mattingsdal	Hå kommune
Elfin Lea	Klepp kommune
Øyvind Revheim	Randaberg kommune
Norunn Østråt Koksvik	Sandnes kommune
Per Øhman	Sola kommune
Bright Åge Høyland	Time kommune
Sven Gundersen	Tilsette

## Vara:

Torleiv Bilstad  
Ellen Solheim  
Tobias Ånestad  
Torill Idland  
Terje Mjåtveit  
Torbjørn Hovland  
Tone Tvedt Nybø  
Stanley Wirak  
Per Inge Ruud  
Michael Evans  
Ingeborg Nærland Skjærpe

## Besøk

Jærmuseet hadde i 2011 eit samla gjestetetal på 158.242, fordelt på ni ulike publikumsarenaer og Science Circus. Medrekna tal for HGP var det samla besøkstalet rapportert til museumsstatistikken 202.742.

## Årsverk

Tilsette i Jærmuseet har i 2011 utført ca 57,7 årsverk inkl. vertar og ekstrahjelp. I gjennomsnitt mottok 93 personar regelmessig løn frå Jærmuseet i løpet av året, medan det i alt blei sendt ut 171 løns- og trekkoppgåver. Gjennomsnittsalderen er 43,3 år for tilsette som er innmelde i pensjonsordninga til Jærmuseet.

## Likestilling

Jærmuseet har ei overvekt av kvinnelege tilsette; av dei 52 fast tilsette er 36 kvinner og 16 menn. Omrekna til årsverk er 28,2 årsverk kvinner og 14,9 årsverk menn. Direktør, nestleiar og tre avdelingsleiarar er kvinner, to avdelingsleiarar er menn. Styret består av 3 kvinner og 8 menn.

## Arbeidsmiljø

Jærmuseet signerte i 2011 samarbeidsavtale med Nav, og kan nå kalla seg ei IA-bedrift. I 2011 er det rapportert 417 sjukefråværsdagar inkludert

eigenmeldingar. Samla sjuke-fråvær er om lag 1,75 årsverk, dvs. 3 %. I tillegg var det nær 3,7 årsverk i foreldrepermisjon i 2011.

Me hadde i 2011 eitt uhell med personskade. Uhellet skjedde i samband med ein løpsk hest, slik at vår tilsett fekk alvorleg skade i m.a. kne. Dette er fulgt opp etter gjeldande reglar hjå Nav og den tilsette er nå fullt restituert.

Det sosiale og fysiske arbeidsmiljøet ved Jærmuseet blir vurdert som godt. Intern undersøkjing blant dei tilsette i 2011 stadfesta det.

## Ytre miljø

Drifta av Jærmuseet ureinar ikkje det ytre miljø.

## Planar vedtatt av styret

Styret har godkjent Formidlingsplan for Jærmuseet 2012-2014, formidlingsplan for barn og unge, innsamlingsplan, samlingsplan og forskingsplan.

## Lov om diskriminering og tilgjenge

Alle tiltak/planer blir vurdert ut frå prinsippet om universell utforming. Følgjekort vert akseptert på alle avdelingane.



Jærmuseet sitt hovudkontor ligg på Vitengarden i Hå kommune.

Foto: Ingeborg Skrudland.



I 2011 blei konsoliderings samtalane i Sola slutførde. 19. januar 2012 blei partane og inviterte gjester samla i Sola kulturhus. Her signerte Jærmuseet tre ulike avtalar; med Rogaland krigshistorisk Museum ved Børge Allan Sørensen t.v., Flyhistorisk museum Sola ved Birger Strand nr. 3 f.v. og Sola kommune ved ordførar Ole Ueland. Vår styreformann Arne Norheim (nr.2 f.v.) signerte alle tre.

Foto: Målfrid Grimstvedt, Jærmuseet.

## Økonomi

### RETTVISANDE OVERSIKT OVER UTVIKLING OG RESULTAT

Jærmuseet har hatt ein auke i egne inntekter frå sal/ billetter og arrangement på over 12 % når ein ser vekk frå tilskot og gåver/sponsorinntekter. Sponsorinntektene/gåvene frå private og næringslivet i 2011 var på kr. 6.405.052, store delar av dette er sett av som øyremerka midlar til utstillingar på Garborgsenteret og Vitenfabriken inkludert planetariet. Tilsvarende tal for 2010 var 11.100.500 i all hovudsak sponsormidlar og gåver til oppbygging av Garborgsenteret. Kostnadane har auka med ca 25% og auken er omtrent lik i prosent for både driftskostnader og prosjektkostnader. Auken i prosjektkostnadene skuldast i hovudsak investeringar i samband med utstilling på avdeling Garborgsenteret som skal opna i mai 2012. Auka pensjonskostnader er ei årsak til auka driftskostnader.

Styret vil takka alle bidragsytarar for midlar som er mottatt.

Styret meiner at årsrekneskapen gir eit rett bilete av stiftinga sine eigedeler og gjeld, finansielle stilling og resultat.

### Framleis drift

Årsrekneskapen for 2011 er sett opp under føresetnad om framleis drift. Det vert med dette stadfesta at institusjonen har føresetnader for å driva vidare.

### Utgreiing om årsrekneskapen og resultatdisponering


Styret meiner at framlagt rekneskap og balanse med notar viser verksemda sitt resultat for 2011 og økonomisk stilling ved årsskiftet.

Det har ikkje oppstått forhold etter rekneskapsårets slutt, som har innverknad på vurderinga av rekneskapen.

Verksemda har for 2011 hatt eit overskot på kr. 756.598. Kr. 150.000 av desse er føreslått sett av til prosjektet Kystreise.no som er Jærmuseet sitt hovudprosjekt i samband med grunnlovsjubileet, kr. 606.598,- er foreslått sett av til vedlikehaldsfond.

Nærbø, 29.03.2012

  
Arne Norheim  
Styreleiar

  
Tom Tvedt  
Nestleiar

  
Målfrid Snørteland  
Museumsdirektør

  
Elfi Lea

  
Norunn Østrat Koksvik

  
Inglen Haugland

  
Per Ørman

  
Brigt Åge Høyland


  
Sven Gundersen

  
Olav V. Bollestad

  
Øyvind Revheim


  
Magnar Mattingsdal

## Fordeling av inntekter 2011



Sponsormidlar og prosjektmidlar er kun brukte midlar i 2011. For mottekne midlar i 2011 sjå årsrekneskapen, note 3.

## Årsverk i Jærmuseet fordelt på ulike arbeidsfelt



Vitengarden og Vitenfabrikken er dei to største avdelingane våre, og dei utgjer vitensenteret i Jærmuseet, saman med Science Circus. Det er på desse avdelingane dei fleste årsverka innan formidling er.

Grafen viser årsverka i reelle tal, utan fråvær.

	2007	2007	2009	2009	2011	2011
ADMINISTRASJON	8,4	25,8	12,9	26,4	14,4	26,2
DRIFT AV BYGG OG KAFE	5	15,3	13,5	27,7	14,0	25,2
FORMIDLING	11,5	35,3	16,2	33,2	17,7	31,9
Nye utstillingar	6,1	18,7	3,8	7,8	4,1	7,4
Samlingar og antikvariske hus	1,6	4,9	2,4	4,9	4,9	9,7
	32,6	100	48,8	100	55,5	100
Fråvær	0,5		2		2,2	
	<u>33,1</u>		<u>50,8</u>		<u>57,7</u>	



Jula kom tidleg til Jærmuseet, og spesielt til Vitenfabrikken i 2011. Onsdag 21. desember kom Harald Espedal i Skagenfondene med millionar til ny utstilling. Han fekk hjelp av ungane i Rådhusmarka barnehage, Sandnes til å setta den rette stemninga.

Foto: Jærmuseet.

Avtalen med Skagenfondene blei markert med å signera på denne hoppegrisen. Her skreiv alle som var tilstade namna sine. Så grisen er eit minne om dagen.

Foto: Jærmuseet.



## Nye hovudsamarbeidspartar

Hausten 2011 inngjekk Jærmuseet ein sponsoravtale med **Statoil** til ein verdi av 9 mill fordelt over 3 år. Midlane er øymerka museet sine vitensenteraktivitetar, og skal brukast til nye utstillingsinnstallasjonar og aktivitetar knytt til temaet Energi og miljø. Storparten av midlane skal brukast på Vitenfabrikken, ein del på Vitengarden og Science Circus.

Rettt før jul i 2011 blei det og inngått ein sponsoravtale mellom **Skagen Fondene** og Jærmuseet/Vitenfabrikken til i ein verdi av 8 mill. (inkl. mva.) Midlane skal nyttast til ei ny utstilling med arbeidstittel "Det ska svare seg", og skal

m.a. handla om verdiskaping i samfunnet med utgangspunkt i by- og industrihistoria i Sandnes/Jærregionen. Planlagt opning desember 2013.

Fornyng av sponsoravtalar: hausten 2011 har Vitenfabrikken i tillegg fornya sponsoravtale med **Forus Næringspark**, **Exxon Mobil** og **Dong**.

Jærmuseet har eiga etisk plattform som ligg ved alle sponsoravtalar.



«Gjennom å støtta dei regionale vitensentra ønskjer me i Statoil å inspirera unge til å interessera seg for forskning, realfag og teknologi. Både me og samfunnet treng unge med interesse for realfag for å løysa morgondagens utfordringar», seier teknologidirektør i Statoil, Siri Espedal Kindem.

Foto: Jærmuseet.

Signeringa av avtalen skjedde på Vitenfabrikken, og markerte samstundes starten på prosjektet «Energi og miljø». Elevar frå Sandnes vgs vart utfordra til å laga modellar av løysningar på framtidens energi og miljø utfordringar.

Foto: Harald Pettersen, Statoil



# Formidling

## TEMPORÆRE UTSTILLINGAR

Utstillinga "Frå varde til VTS" på Tungenes fyr blei ferdigstilt våren 2011 og blei opna av kystdistriktssjef Jon Erik Hagen 19. juni. Gjennom tekst, bilete og eksperiment viser utstillinga korleis sjøvegen har blitt sikra frå mellomalderen og fram til i dag. Det blei laga ein dublett som er sendt til Museum Vest, Kystmuseet i Øygarden.

### "Turi-design"

var ei temporær utstilling som opna på Vitenfabrikken 7. juni og stod ut året. Utstillinga presenterte keramikar og designer Turi Gramstad Oliver sin produksjon på Figgjo i perioden 1960-1980. Interessa for utstillinga var stor, noko som førte til høgt besøkstal og stor mediedekning, både i aviser og fjernsyn. Turi-design blei også presentert gjennom artikkel i årboka vår.

### "Sting - til pryd og nytte frå nær og fjern"

Dette året inviterte Jærmuseet innvandraran i Klepp kommunen med på arbeidet med å laga utstilling på

bygdemuseet på Haugabakka. Temaet var broderi - ein eldgamal kunst og internasjonal tradisjon som framleis er levande. I utstillinga «Sting - til pryd og nytte frå nær og fjern» synte me litt av mangfaldet, det spesielle og fellestrekkka i broderia frå ulike stader i verda og ulike tider. Kvinner frå tre ulike land lånte oss eigne broderi og ei av dei formidla kunnskapen sin gjennom å brodera i utstillinga.

### Burundi

I kjølvatnet av utstillinga "Ei verd på spel" blei det 18. februar opna ei utstilling om det afrikanske landet Burundi på Vitengarden. Utstillinga legg særleg vekt på det samarbeidet som Hå kommune og ulike aktørar på Jæren/Stavanger (UiS, IVAR, Entreprenøren Kruse Smith) har hatt med Butanganzwa kommune i Burundi. Det blei arrangert fleire aktivitetsdagar kor me samarbeidde med innvandarmiljøet på Jæren.



Regiondirektør i Kystverket Vest, John Erik Hagen (t.h.) opna "Frå varde til VTS". Her prøver han loseksperimentet i utstillinga saman med trafikksentral-sjef på Kvitsøy Tormod Våga (t.v.) I midten avdelingsleiar Eirik Gurandsrud.

Foto: Ove Tennfjord, Randaberg kommune

Rådmann Lars Kolnes i Hå kommune opnar utstillinga om Burundi på Vitengarden 18. februar 2011. Japhet. L. Ndayshimiye og Anne Marie Gjørme, også frå Hå kommune, var to sentrale personar i arbeidet med utstillinga.

Foto: Jærmuseet.





Årets sommarutstilling på Vitenfabrikken var «Turi-design» - ein presentasjon av Turi Gramstad Oliver sitt arbeid på Figgjo 1960 - 1980. For museet blei dette starten på eit spennande samarbeid med Turi og bedrifta Figgjo. Utstillinga viste gjenstandar som me fekk låna frå publikum - eit innlån som vennelaget hjalp oss med. Bildet viser kopp og tefat frå serviset Clupea, dekor Turi Gramstad Oliver.

Foto: Jærmuseet.



På Haugabakka i Klepp laga me utstillinga «Sting» der me viste broderier til pryð og nytte frå fjern og nær. Ordførar Elfin Lea frå opninga av utstillinga saman med Olga Engelsvoll, Jærmuseet og Kadhija Karimi. Bygdekvinnelaga og innvandrara busette i Klepp lånte oss broderi.

Fotoet til høgre viser veggbilete og skrin frå Palestina, kjole sydd til bryllaup i Somalia og drakter og duk frå Afganistan.

Foto: Jærmuseet.



### NYE PERMANENTE UTSTILLINGAR

“Fugl på Jæren” er eit nytt tema i basisutstillinga “Teknologi og landskap” på Vitengarden, Koss har desse landskapsendringane på Jæren dei siste 150 åra påverka fuglelivet, og kvifor skal me ha eit rikt fugleliv/biologisk mangfald. Utstillinga vart laga i tett samarbeid med Orientologisk foreining i Rogaland.

I **Planetariet** på Vitenfabrikken blei det i 2011 utvikla ei ny interaktiv astronomivisning kalla “Planetsurfing” for skuleklassar og “Planetvisning” for fritidspublikum. Planetariet tilbyr nå to interaktive visningar, seks astronomifilmar, ein byhistorisk film og eitt auditiv kunstverk.

Prosjektet **Akvatisk miljø** er eit nytt prosjekt som starta opp i 2011 og held fram i 2012. Det er et samarbeid mellom International Research Institute of Stavanger (IRIS), avdeling Biomiljø og Jærmuseet Vitenfabrikken, og er knytt til Forskningsrådet sitt PROREAL – program (Profileringsprogram for realfag). Prosjektet er og støtta av Aksjon Jærvassdrag og Rogaland Fylkeskommune.

**Ny nettutstilling:** Hausten 2011 opna Jærmuseet ny nettutstilling “Vindkraft i Norge”. Utstillinga er finansiert med tilskot frå NVE.



Stjerner dag på Vitenfabrikken har blitt ein populær tradisjon. Barnehagane lagar stjerner i alle mulege former og fargar og tar dei med til Vitenfabrikken. Her blir dei hengte opp og pynter flott til jul.

Foto: Jærmuseet.

I september var det Researchers night for studentar på Vitenfabrikken. Bandet AdLib hadde ein tøff konsert midt i utstillinga. Ungdommane kunne blant anna møta forskarar i baren og drøfta surt hav og smertegrenser.

Foto: Jærmuseet →



## Aktivitetar og arrangement

I løpet av 2011 blei det skipa til ei rekkje ulike publikumsarrangement, aktivitetsdagar og opne føredragskveldar på Jærmuseet sine ulike lokalitetar; tilsaman 131 opne publikumsarrangement.

### Dugnadsfest og frivillige

Museet har etablert eit godt samarbeid med ulike lokale lag og foreningar som hjelper til med vakthald, aktivitetsdagar m.m.

Jærmuseet har i dag to eigne vennelag, Vennelaget for Jærmuseet Vitengarden og Vitenfabrikkens venner. I tillegg stiller medlemmer i Hå Historie- og ættesogelag og Klepp historielag som frivillige vertar på hhv. Grødaland og Haugabakka.

Dei gode, frivillige medhjelperane våre blir kvar haust inviterte til dugnadsfest. Årets dugnadsfest blei arrangert på Vitengarden 11. november med vel 100 deltakarar.



God hjelp av de frivillige på stjerner dagen 24. november på Vitenfabrikken. Her tar dei seg ein fortjent matbit. F.v. Bjørn Bache, Bjørn Sundby og Helga Austvoll.

Foto: Jærmuseet.

Dugnadsfesten er populær. Her møtes frivillige frå dei fleste kommunane på Jæren. Nokre kjem kvart år, av di dei er faste vertar på ulike utstillingar og lokale anlegg. Andre kjem eitt år av di dei har vore med på utstilling eller aktivitet det året. Det er god mat, underhaldning og informasjon om det som har skjedd siste året.

Foto: Jærmuseet.

## Formidling til barn og unge

Museet legg vekt på eit breitt formidlingstilbod til barn og unge, gjennom tilbod til barnehagar, grunnskule, vgs, studentar, ferie- og fritidstilbod. Fleire avdelingar har eksperimentveker eller andre pedagogiske opplegg for barn og ungdom i feriar. Vitenfabrikken har barneklubben Astroidene – juniorklubben til Stavanger Astronomiske Foreining.

Tilsaman tilbyr Jærmuseet over 500 undervisningsopplegg på ulike anlegg og klassesteg. I samband med Kjemiåret 2011 blei det m.a utvikla fleire nye opplegg. Museet er arrangør av regionale finalar i konkurransane Unge Forskarar og Nysgjerrigper.

**Science Circus**, Jærmuseet sitt "vitensenter på hjul" tilbyr utstillingar, planetarievisingar og naturfagsshow til skular i Rogaland og Agderfylka, og deltar på opne publikumsarrangement, festivalar etc. i regionen. I 2011 besøkte

Science Circus 29 skular og hadde 6677 og 1724 vaksne i organiserte opplegg. Nokre av turneane var i samarbeid med DKS i Vest-Agder.

I 2011 blei det tilbydd eit nytt opplegg om "Elektronikkopplegg for ungdomsskulen". Dette er eit samarbeid mellom fleire regionale vitensentra og finansiert av "Breddegaver" frå Sparebankforeninga DNB Nor – tre mill. til fordeling mellom ni vitensenter.

I løpet av hausten 2011 er det og utvikla eit nytt opplegg, "Energi i vinden".

Prosjektet er støtta av Forskningsrådet gjennom satsinga "Profileringsprogrammet for realfagene (PROREAL)". Dette er eit samarbeidsprosjekt med Dalane VGS og Norsk Vindenergi AS, og formidlinga skal dels skje i vindparken i Bjerkreim og dels på Vitengarden, Nærbø.

Njål Liland (Orstad skule) og Eivind Landro (Kleppe skule) får hjelp av Ivar Reed Nakken til å blåsa opp ballong med eddik og natron. Biletet er henta frå lærarkurs i Kvardagskjemi på Vitengarden 2.mars 2011. Kurset hadde deltakarar frå Klepp, Hå, Gjesdal, Sola, Sandnes og Eigersund.

Foto: Magne Hognestad, Jærmuseet. →

9.klassingar ved Orre skule byggjer egne løgn-detektorar. Dette elektronikkprosjektet som er finansiert av Sparebankstiftinga DNB/NOR, har Science circus gjennomført i lag med dei andre norske vitensentra.

Foto: Jærmuseet.





2011 var det internasjonale kjemiåret. Det blei markert med ei lang rad aktiviteter og arrangement på avdelingane våre.

Kjemishowet i helgene på Vitenfabrikken er møtestad mellom alkymisten frå mellomalderen og den moderne kjemikaren.

F.v. Fridtjof Wabakken og Endre Ø. Schjelderup.

Foto: Jærmuseet.

Aktivitetsdag på Vitengården med tema grønsaker og kjemi. Ein av aktivitetane var å påvise stivelse i grønsaker.

Foto: Jærmuseet.



## FORDELING PÅ KLASSESTEG OG ANLEGG I 2010 - 2011:

medrekna Hå gamle prestegard

	VITENGARDEN		VITENFABRIKKEN*		HÅ BM		GJESDAL BM		KLEPP BM		VISTNESTUNET	
	2011	2010	2011	2010	2011	2010	2011	2010	2011	2010	2011	2010
Barnehagar	2 518	2 892	1 964	931	49	60	167	95	0	14	0	0
Barnetrinnet	5 302	5 464	6 847	5 976	131	253	1 234	1 285	375	0	841	1 068
Ungdomstrinnet	2 137	1 426	3 163	2 096	136	144	165	0	0	0	452	288
Vid. Skular	790	919	1 722	1 216	0	15	216	175	0	0	0	0
SFO, fritidsgr.	1 487	718	1 234	1 081	550	486	314	320	0	0	445	617
Studentar	142	199	619	109	0	0	37	27	0	0	42	20
<b>Sum</b>	<b>12 376</b>	<b>11 618</b>	<b>15 549</b>	<b>11 409</b>	<b>866</b>	<b>958</b>	<b>2 133</b>	<b>1 902</b>	<b>375</b>	<b>14</b>	<b>1 780</b>	<b>1 993</b>
Anna publikum	29 925	27 634	51 950	44 275	1 750	1 965	1 014	973	509	322	1 000	1 660
Utleige	5 231	4 576	4 505	7 554	0	96	42	54	15	400	12	58
<b>Sum i alt</b>	<b>47 532</b>	<b>43 828</b>	<b>72 004</b>	<b>63 238</b>	<b>2 616</b>	<b>3 019</b>	<b>3 189</b>	<b>2 929</b>	<b>899</b>	<b>736</b>	<b>2 792</b>	<b>3 711</b>

\* Inkl. Tranegården galleri med 3058 besøkande

\*\* Gjeld bare JM sine arrangement her



Sandnes vgs er fast brukar av opplegga våre kring Limavatnet. Fisking i vatnet er elles eit populært tilbod på fleire klassetrinn.


Foto: Jærmuseet.



Samarbeid og koordinering i praksis er tema når desse jentene testar eksperiment under matematikkdagen 6. februar på Vitengården.

Foto: Jærmuseet. →





Om lag 6000 fann vegen til Tungenes då heile flåten i Tall Ships Race tok avskjed med Stavanger og la iver mot neste mål.

Foto: Ove Tennfjord, Randaberg kommune.

GPS-undervisning på Tungenes ved Magne Hognestad.

Foto: Ove Tennfjord, Randaberg kommune.



TUNGENES FYR		GARBORGSENTERET		SCIENCE CIRCUS		FMS**		SUM JÆRMUSEET		HGP		SUM inkl. HGP	
2011	2010	2011	2010	2011	2010	2011	2010	2011	2010	2011	2010	2011	2010
0	0	0		0	0	0	0	4 698	3 992	100	580	4 798	4 572
152	0	100		2 476	3 606	101	212	17 559	17 864	425	1 250	17 984	19 114
131	4	45		1 501	1 933	0	0	7 730	5 891	225	321	7 955	6 212
0	0	68		500	0	0	0	3 296	2 325	60	164	3 356	2 489
0	0	0		0	0	0	0	4 030	3 222	0	0	4 030	3 222
4	0	0		0	0	0	0	844	355	40	14	884	369
<b>287</b>	<b>4</b>	<b>213</b>		<b>4 477</b>	<b>5 539</b>	<b>101</b>	<b>212</b>	<b>38 157</b>	<b>33 649</b>	<b>850</b>	<b>2 329</b>	<b>39 007</b>	<b>35 978</b>
18 592	13 266	1 372		3 914	5 048	89	18	110 115	95 161	39 650	41 500	149 765	136 661
0	3 230	0		0		0		9 805	15 968	4 000	4 000	13 805	19 968
<b>18 879</b>	<b>16 500</b>	<b>1 585</b>		<b>8 391</b>	<b>10 587</b>	<b>190</b>	<b>230</b>	<b>158 077</b>	<b>144 778</b>	<b>44 500</b>	<b>47 829</b>	<b>202 577</b>	<b>192 607</b>

Vitengarden, familieverden.no og mammatv gjekk saman for å inspirere og motivere foreldre til å jobbe med kjemi saman med barna. I fleire filmar visar Tormod Aass og Finn Sandvik forskjellige aktivitetar basert på kjemiske reaksjonar som ein kan sjølv gjere heime.

Foto: [www.mammatv.no/?id=93](http://www.mammatv.no/?id=93)



## Forvaltning av samlingane

Jærmuseet har i løpet av 2011 utarbeidd innsamlingsplan og plan for registrering og katalogisering. Sikringsplanen er utfylt med opplysningar om alle anlegg.

Store delar av tekstilsamlinga er gått igjennom for å identifisera og registrera broderi. 90 tekstiler er lagt ut på Digitalt museum.

Lyd- og filmarkivet er prioritert i 2011. Jærmuseet har dokumentert eiga verksemd på video sidan 1991, og me har også gjort egne opptak som del av ulike dokumentasjonsprosjekt. Hovuddelen av desse er på analog tape. I tillegg har me ein god del video og film i privatarkiva. Desse blir nå registrerte i Primus og vil bli digitaliserte.

**Rogaland Krigshistorisk Museum** har ei stor samling foto- og arkivmateriale som Jærmuseet overtar ansvaret for pr. 1.1.2012. I november starta arbeidet med å ordna, sikra og registrera dette materialet.

### Innsamling

Garborgsenteret starta innsamling av bøker med tilknytting til Arne og Hulda. Det kom inn 443 bøker i 2011, som alle er innlemma i samlinga.

Jærmuseet har fått ei større samling brunt steintøy og keramikk frå Ganns Potteri (157 nummer) og 57 deler av Turi-serviser.

Figgjo AS er i dag den einaste bedrifta som produserer porselen/fajanse i Norge. I løpet av hausten forhandla museet fram ein kontrakt med bedrifta som inneber at Jærmuseet tar over det historiske arkivet og museums-gjenstandane frå eigen produksjon.


### Magasin og lager

Store delar av Øglænd-samlinga har nå fått plass i gode magasin i Vitenfabrikken og på Åmøy.

Tiltak for å betra lagerforholda har ført til at gjenstandar er flytta frå to lør i Hå til betre magasin nær Vitengarden. I samband med flyttinga er gjenstandane vurderte. Gjenstandar som var uregistrerte, var dublettar eller i dårleg stand, blei avhenda.

### Digitalt magasin

Frå 27.juli 2011 utvida me datalagringa på serveren i museet med i alt 8 terrabyte. Dette er magasin for museet sine digitale samlingar: foto, lyd, levande bilder. Det er lagt opp egne rutinar for kven som har tilgang til magasinet og rutinar for sikringskopiering



Under ei tilstelling på Vitenfabrikken 18. februar blei Per Øglænd takka for sin mangeårige innsats for Jærmuseet. Han var formann i stiftelsen Jonas Øglænds bedriftsmuseum då det blei ein del av Sandnes museum og Jærmuseet i 2002. Sidan den gong har han delt av sine kunnskapar og lagt ned eit imponerande frivillig museumsarbeid, gjennom systematisk fotografering og registrering av samlingane, supplert med grundige rapportar om arbeidet. Samstundes kunne han gle seg over at syklane i Øglændsamlinga omsider har fått gode magasintilhøve.

Foto: Jærmuseet.



### BYGNINGSVEDLIKEHALD

Museet har nå ansvar for 59 små og store kulturhistoriske bygningar som er spreidd på 23 ulike lokalitetar i sju kommunar. Dei får alle tilsyn minst ein eller to gonger i året. Då sjekker ein manglande takpanner, rydder vegetasjon og noterer kva som må gjerast av større vedlikehaldsoppgåver.

#### Særlege vedlikehaldsoppgåver i 2011:

Sjøredningsmuseet på Varden, Hå: termovindu og store delar av det utvendige panelet er skifta. Heile bygningen er vaska og måla.

**Grødalandstunet**, Hå: fleire bygningar er tjørebredde, fleire vindu og dører er restaurerte, to takstolar i Gamla-huset er rekonstruert. Sprinklaranlegget er generaloverhaldt og kompressor fornya.

**Smia på Motland**, Hå: Gras på murkrona er fjerna og grua er understøtta.

**Audamotland**, Hå: Taket på løeskuten blei forsterka som mellombels strakstiltak. Heimahuset er nå restaurert utvendig, og bygningshandverkaren er i gang med innvendige resuareringsarbeid.

**Haugabakka**, Klepp: Sprinklaranlegget er generaloverhaldt og kompressor fornya. Det elektriske anlegget er kontrollert. Det er utført diverse vedlikehald, rydding og utvendig vask av bygningane. Fukt i og bak kledningen på Folgehuset førte til større reparasjonsarbeid. For å få kjellaren tørr er det grøfta langs søre gavlveggen.

**Kvern-og tørkehus på Gjesteland, Eskeland og Ersvik**, Sandnes:

Det blei rydda og skoga rundt alle bygg. Kledning blei sprøytta med Boracol mot sopp og råte. Brotne takpanner er bytta og på Eskeland blei vassrenna til nedre kvern fornya.

**Thranegården**, Sandnes: Brotne panner er bytta på taka til heimehus og løe.

**Limagarden**, Gjesdal: Det er utført omfattande dreneringsarbeid på oppsida av "Nye løa" for å stoppa vassinnsig i sauefjøsset i underetasjen. Brotne panner er skifta på alle tak. Heimahuset er vaska og måla, og det er gjennomført omfattande opprydningsarbeid i fleire bygningar. Det blei skoga inntil utløa på Ytre Lima, brotne takpanner er bytta.

Bakstehuset på garden Gjesdal er reparert for mindre skader etter påkjørsel.

**Vistnestunet**, Randaberg: Heile anlegget blei skrappa, vaska og måla. Det blei rydda i kjellaren i heimahuset, på loftet i bakstehuset, på løeloftet og i kjerrehuset. Brotne panner blei bytta på alle tak.

**Tungenes fyr**: Fyrbygninga, Maskinhuset og Verkstaden blei vaska, skrappa og måla. Arbeidet blei gjennomført i samsvar med fredningsbestemmelsane.



Folgehuset i Klepp måtte reparerast før det kunne malast.

I mars brukte bygningshandverkaren tid til å reparera vindauge på Grødaland i Hå. Samstundes fotodokumenterer han arbeidet - både før, under og etter jobben er gjort.

Foto: Odd-Geir Rosland, Jærmuseet.



## Forskning og kunnskapsutvikling

Jærmuseet har i løpet av 2011 utarbeidd eigen forskingsplan som blei vedtatt av styret i mars 2012. JM har som mål å gjennomføra egne forskingsprosjekt, gjerne i samarbeid med eksterne forskingsmiljø. Resultata skal formidlast gjennom utstillingar og publikasjonar.

### PROSJEKT

Avdelingsleiar på Tungenes Fyr starta i 2010 opp prosjektet Trafikksentraltjenesten VTS som skal dokumentera Trafikksentraltjenesten frå oppstarten i 1978 og fram til i dag. Arbeidet har blitt formidla gjennom ein artikkel i årboka "Sjå Jæren" og i "Kystglimt". Delar av materialet er og brukt i utstillinga "Frå varde til VTS".

Jærmuseet deltar i prosjektet "Noreggarden", i regi av Kulturlandskapsnettverket.

Jærmuseet deltek elles i nettverksprosjektet "Samtidskoden", i regi av Samtidsnettverket, med prosjektet "Stein e'kje berre stein".

### FORNYING

